



Terje Hilland
Skarpnesveien 120
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2518 - 14/11226

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen

Dato:
09.07.2014

Fellingsløyve for hjort 2014

Vedlagt følgjer fellingskvote for dykkar vald i 2014 i Meland. Utval for drift og utvikling har i møte den 03.06.2014 (sak 57/2014) fastsett fellingskvoten til 196 dyr for 2014. Avskyting og tilbakemeldingar frå valdansvarlege tyder på at hjortestamma har flata ut. Men da dette må sjåast over noko tid vil det bli gitt like mange fellingsløyver i 2014 som for 2013. Jakta må gå føre seg i tidsrommet 01.09-23.12.2014.

Ein vil samtidig minne om att jegerar etter viltlova er må ha skrifteleg ettersøksavtale med godkjent ettersøkshund/ ettersøksekvipasje før jakta tek til. Nordhordaland jakt og fiskarlag si ettersøksgruppe *Vilttelefonen* gjev tilbod til jegerar (sjå vedlegg). Under jakta skal jeger ha med gyldig jegeravgiftskort, våpenkort, attestert skyteprøve og jeger/jaktlag må ha med dokumentasjon for godkjend ettersøkshund for hjort. Den som mot eller utan vederlag stiller jaktrett til rådigheit for andre, pliktar å forvise seg om att jegeravgifta er betalt.

Kommunen kan under jakta sørgje for kontroll av jegeravgiftskort, våpenkort, attestert skyteprøve, våpen og ammunisjon, felte dyr og dokumentasjon for godkjend ettersøkshund. Kommunen kan krevje at att valdansvarleg, jaktleier eller jeger gir melding om tilgang på godkjend ettersøkshund. Alle jegerar skal fylle ut *Sett hjort* skjema (vedlagt). Jegerane leverer skjema til sine valdansvarlege som fører resultatata over på **eit** skjema som skal sendast til kommunen innan **14 dagar** etter att jakta er avslutta. I storvald skal jegerane sende skjema til jaktfeltleiaren som fører resultatata over på **eit** skjema, og som sender dette vidare til valdansvarleg. Valdansvarleg fører så resultatata over på **eit** skjema og sender dette til kommunen innan **14 dagar** etter att jakta er avslutta.

Jaktleder kan velje å registrere *Sett hjort* skjema for sitt jaktfelt på <http://settogskutt.no/>. Disse registreringene skal kvalitetssikrast av valdansvarleg før han/ho godkjenner alle data og dei vert importert til Hjorteviltregisteret.

Innbetaling for felte dyr skal skje til:

Meland kommune, økonomikontoret
Postboks 79

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

5906 Frekhaug

Kontonummer: 3632.07.00242

Betalingane skal skje innan **14 dagar** etter att jakta er avslutta.

Satsar:	
Vaksne dyr	Kr. 300,-
Kalv	Kr. 180,-
Satsar i storvald:	
Vaksne dyr	Kr. 200,-
Kalv	Kr. 100,-

Valdansvarleg sender inn fellingsresultatet. Fellingsresultatet fylles ut på nedre del av vedlagt skjema: *Fellingsløyve og fellingsrapport*, heile skjemaet skal sendast inn. Fellingsresultatet og *Sett hjort* skjema skal sendast inn til kommunen innan **14 dagar** etter att jakta er avslutta.

Om rett til å klage på tildelte dyr, sjå vedlagt orientering (§ 27, tredje lekk i forvaltningslova).

Eg er nytilsett skog- og miljøkonsulent i Meland og Modalen kommunar. Ta gjerne kontakt dersom de har spørsmål.

Skitt jakt!

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Vedlegg:

1. Fellingsløyve.
2. Referat frå fastsetjing av fellingskvote 2014, Utval for drift og utvikling 03.06.2014, (Sak 57/2014).
3. Giro for avtale med vilttelefon.
4. Sett hjort skjema.
5. Orientering om ettersøk av skada storvilt.
6. Melding om enkeltvedtak og om rett til å klage over forvaltningsvedtak.

Mottakere:

Terje Hilland	Skarpenesveien 120	5918	FREKHAUG
Sigve Eldøy	Lyngnesvegen 6	5917	ROSSLAND
Steinar Sunnhordvik	Ådlandsvegen 333	5918	FREKHAUG
Terje Erstad	Melandsvegen 260 A	5918	FREKHAUG
Jan Audun Sagstad	Nedre Sagstad	5918	FREKHAUG
Helge Husebø	Kårbø	5917	ROSSLAND
Tor Husebø	Dale	5918	FREKHAUG
Roar Sudmann	Flatøyvegen 34	5918	FREKHAUG